

SAKSHANDSAMING / SØKNAD PÅ OPPHALD, OG ANDRE TENESTER:

Dersom du har behov for tenester frå pleie - og omsorg, kan du:

- Sende søknad. Det vil seie at du må skrive under søknaden sjølv.
- Din lege kan kontakte pleie- og omsorgstenesta for deg.
- Sjukehuset kan søke for deg.

Søknadsskjema kan ein få ved å kontakte Fyresdal pleie - og omsorgssenter v/ heimetenesta, telefon 35 06 71 58.

Dersom det er behov for hjelp til å skrive søknaden så kan du komme til pleie - og omsorgssenteret, eller vi kan kome heim til deg.

Når vi har motteke skriftleg søknad, så vil vi kome til deg på eit heimebesøk. Dette for å vurdere ditt funksjonsnivå, slik at du får rett hjelp i rett mengde, til rett tid.

Du skal ha eit mellombels svar på din søknad innan 3 veker, og dersom vi ikkje har klart å handsame din søknad fullt ut innan da, så vil du få melding om når du kan vente at søknaden din blir ferdighandsama.

Dersom du ikkje er nøgd med tenesta frå oss, kan du klage. Dette får meir informasjon om i sjølve vedtaket, både når det gjeld klagefrist og kor klaga skal sendast.

Vi tek gjerne imot klager, dersom du ikkje er nøgd med tenesta. På den måten kan vi utvikle tenesta til å bli enda betre.